

Namn på skulen: *Bergen Katedralskole*

Tal elevar skuleåret 2016/17:

BKS: 567

VO: 511

Kyrre: 84

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16 BKS	461 elevar (87%)
2016/17 BKS	519 elevar (91%)
2015/16 - VO	VO – deltagarane tek enkeltfag
2016/17 - VO	VO – deltagarane tek enkeltfag
2015/16 - Kyrre	15 elevar (14%)
2016/17 - Kyrre	13 med vitnemål, 7 med fullført 23/5 eller påbygg (24%)

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Standpunkt - BKS	2015/16	6 elevar (1%)	13 elevar (2,5%)
	2016/17	21 elevar (3,7%)	4 elevar (under 1%)
Eksamen – BKS	2015/16	8 elevar (1,4%)	
	2016/17	14 elevar (2,4%)	
Standpunkt – VO	2015/16	18 elevar (3%)	
	2016/17	10 elevar (1,9%)	24 elevar (4,7%)
Eksamen – VO	2015/16		
	2016/17	32 elevar (6%)	
Standpunkt – Kyrre	2015/16	0	17 elevar (16%)
	2016/17	0	27 elevar (32%)
Eksamen – Kyrre	2015/16	2 (2%)	
	2016/17	3 (3,5%)	

1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	BKS: 21 IV (11 elevar)
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	BKS 19 IV (10 elevar)

Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?

Psykisk helse er ei av hovudårsakene til frávær på skulen. Vi har lågt frávær på BKS studiespesialiserande. Både VO og Kyrre har høgt frávær og fråfall.

Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere talet på elevar som får IV? Kva effekt har tiltaka hatt?

Elevar med IV blir følgde opp av rådgivar og kontaktlærar. Samtalar og planar for korleis ein kan kome i mål med faget blir gjennomførte. Vi har òg studieverkstad i norsk og matematikk.

Dei fleste elevane på Kyrre har levert dokumentasjon som gjer at dei kan eigenmelde frávær grunna psykisk sjukdom/psykiske vanskar. Det er ei utfordring å skilje mellom kva som er ugyldig frávær og fråveret som skyldast innleggingar, angst, depresjonar o.l. For skuleåret 2016-17 har ikkje innføring av ny fráværsgrense fått konsekvensar. For 2017-18 er målet å i større grad skilje mellom ulike typar frávær gjennom endå tettare dialog mellom elev og kontaktlærar.

1.4 Gjennomsnittleg frávær

BKS	2015/16	timar	Fráværet er generelt lågt
		dagar	
BKS	2016/17	timar	Fráværet er generelt lågt
		dagar	
VO	2015/16	timar	Frávær vert ikkje ført som i ordinær vgs.
		dagar	
VO	2016/17	timar	Frávær vert ikkje ført som i ordinær vgs.
		dagar	
Kyrre	2015/16	timar	Fráværet er generelt høgt
		dagar	
Kyrre	2016/17	timar	Fráværet er generelt høgt
		dagar	

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10

BKS	2015/16	6 elevar (ca. 1%)
BKS	2016/17	7 elevar (ca. 1%)
VO	2015/16	123 elevar (21%)
VO	2016/17	158 elevar (30%)
Kyrre	2015/16	26 elevar (24%)
Kyrre	2016/17	25 elevar (29%)

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

Kor mange elevar er registrerte med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?

Denne årsaka er ikkje vanleg hos oss og er brukt om maksimalt 5 elevar totalt på skulen. Dei aller fleste sluttar med årsaka «begynt på annen skole» eller «av helsemessige årsaker». På VO nyttar ein ikkje dette sluttsystemet.

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

BKS:

Vi ser ein reduksjon i talet på stryk og IV i standpunkt og til eksamen. Det vert arbeidd systematisk med å rettleie elevane til å gjere rette fagval, og gjere omval når det er naudsynt. Nokre elevar treng eit år ekstra for å kome i mål med vitnemål. Dette kan vere minoritetsspråklege elevar i det såkalla e-klasse løpet, eller andre elevar som er melde inn til ressursteamet. Dette ekstraåret fører til at fleire elevar fullfører og består. Nokre få elevar har, av helsemessige grunnar, ein del fråvær, men elles er fråvær nesten ikkje-eksisterande.

VO:

Vi har framleis ei utfordring med mange som sluttar i løpet av eit skuleår. Vi vil halde fram med å ha fokus på ei felles forståing av fråværsføring og tidspunkt for utsending av varsel. Administrasjonen på VO vil framleis leggje vekt på informasjon om fråvær og karakterar ut mot deltakarane. For komande skuleår vonar vi at ei styrking reint organisatorisk - av samhandling mellom gruppelærarar, faglærarar og rådgjevarar - i større grad vil auke tilrettelegging for den einskilde. Gruppelærarane sine oppgåver og ansvaret dei har, er gjort tydelegare. Både årsplanar i det einskilde fag og fagsamarbeid på timeplanen vonar vi skal gjere skuleåret for deltakaren meir føreseieleg, og gjere det lettare å kombinere utdanning med familie, arbeid og andre utfordringar knytt opp mot det å vere vaksen i ein utdanningssituasjon.

Kyrre:

Situasjonen er stabil. Det er framleis utfordringar knytt til at elevane ikkje får vurderingsgrunnlag i faga og at fråværet er høgt. Det er verd å merkje seg at lærarane er særleg fleksible med omsyn til vurderingsformer og tidspunkt. Opplæringa er i stor grad individualisert. Utan ei slik organisering av arbeidet med elevane ville tala for fråfall og negative karakterar ha sett vesentleg verre ut.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

BKS: Vi har høgt fagleg motiverte primærsekarar til skulen. Dette gjer at få elevar sluttar hos oss.

BKS har lærarar som kjenner metodane i Ny Giv. Sidan desse utfordringane i vesentleg grad er knytt til dei minoritetsspråklege elevane, er skulen sitt differensierte tilbod til denne

elevgruppa viktig. Ei kontinuerleg vurdering av innhald og form i desse tilboda står sentralt i utviklingsarbeidet vårt.

Alle Vg1-elevar gjennomgår i tillegg eit VIP program som er retta mot psykisk helse blant ungdom. Her vert, mellom anna, elevane tildelt faste plassar og ein makker. Programmet startar opp første skuledag i klasserommet. God struktur blir vektlagt høgt.

VO:

Ved inntak og i søkjarprosessen, får den einskilde høve til å samtale med rådgivar og/eller inntaksleiar. Her kan ein synleggjere spesifikke behov og få vidare oppfølging.

Kyrre:

Tilsette ved avdelinga har samtalar med alle elevar i samband med inntaket. Vi har òg mykje dialog med dei som kjenner elevane, som foreldre, rådgjevarar og behandlarar. Tek ein med uttale frå behandlarar i dette biletet, gir dette oss god informasjon til oppstartinga av skuleåret.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**BKS:**

Dette er ei av dei mindre utfordringane ved BKS, då såpass få sluttar hos oss. Vi har uansett elevar med fråvær grunna helsemessige årsaker og elevar som tar vgs-løpet over 4 år.

VO

Vi har framleis store utfordringar når det gjeld talet på sluttarar. Fordi deltakarane er vaksne, kan ofte familiesituasjon og jobb ofte koma i konflikt med det å følgje opp eit vanleg undervisningsopplegg. Innføring av «Gruppelærar»- omgrepet, der tydeleg plassering av ansvar og oppfølging vedkomande fråvær og anna, vonar vi vil føre til at fleire meistarar å gjennomføre med kompetanse. Tett samarbeid mellom faglærar, gruppelærar og rådgivar når det gjeld fråværsproblematikk, vonar vi også kan føre til at fleire kjem seg igjennom planlagt studie.

Kyrre:

Avdelinga har mange sluttarar. Ein del av dei som byrjar på Kyrre har såpass store helsemessige utfordringar at dei ikkje meistar å møte opp på skulen. Det er viktig å følgje opp elevar med stort fråvær, og ein god arena for dette er avdelingsmøte, der elevsaker er tema.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Folkehelse og livsmeistring er prioriterte mål i utviklingsarbeidet neste skuleår. Eit av måla våre er at læringsmiljøet til skulen skal vere prega av høg trivsel og lite skulerelatert stress. Vi vil neste skuleår gi informasjon om stressmeistring på alle møte for føresette, og i tillegg arrangere kurs om stressmeistring for våre Vg3-elevar. Vi prøver også å arbeide systematisk med vurdering og då ha som mål å «tone ned» talet på vurderingar med karakter det første halvåret i Vg1-klassane. Dette gjeld fag som ikkje er avsluttande. Lærarane skal også arbeide i «Kløverteam» dette skuleåret. Der arbeider 3-4 lærarar saman om tema relatert til utviklingsarbeidet ved skulen. På VO har ein i tillegg starta arbeidet med å lage felles årsplanar i alle fag. For å auke oppmøtefrekvensen hos elevane på Kyrre, har avdelinga frå hausten 2017 satt i gang ulike tiltak for auka oppmøte:

- skulemåltid (midlar frå HFK) midt på dagen
- meir informasjon og dialog med elevane i starten av skuleåret - omkring oppmøte og fråvær, i tillegg til fokus på relasjon elev-elev: kvar klasse skal møte

kontaktlærer, rådgjevar og avdelingsleiar til ein samtale første skoledag. Vi har òg sett av god tid til startsamtar mellom elev og lærar første skuleveke.

- «Torsdagsklubben»: Lærarar og miljøterapeut skal kvar veke gje tilbod om felles aktivitetar med elevane, utanom skuletida. Døme på aktivitetar kan til vere å sjå på film i lag, matlaging, japansk litteratur og brettspel.

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnleggjande ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – Læring i samarbeid

Kva var målet med tiltaket?

Bergen Katedralskole ønskjer å vera ein lærande organisasjon. Utover fokus på læringa til elevane, stiller dette krav til at vi i fellesskap freistar å utfordre eksisterande praksis, og utvikle skulen på eit vis som sikrar at vi støttar det overordna oppdraget vårt. Skulen ønskjer å byggje utviklingsarbeidet på forskingsbasert kunnskap om læring. Utfordringane i det komplekse samfunnet vårt krev interaksjon og samarbeid, og vi leggje difor til grunn eit sosiokulturelt syn på læringa vår. Målet er auka samarbeid og kunnskapsbasert profesjonsutvikling.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

«Kløvertteam» er etablerte ved skulen. Teama er sett saman av 3-4 lærarar som samarbeider om til dømes fag, metodikk, klassemiljø, vurdering eller andre utviklingstiltak knytt til skulen sin utviklingsplanen. Alt pedagogisk personale pliktar å delta i eit team. Kvart team skal i løpet av skuleåret gjennomføre eit pedagogisk prosjekt knytt til utviklingsplanen. Prosjekta kan ha ulik gjennomføring i tid. Målet er at kunnskap og erfaringar skal delast i organisasjonen, og prosjekta vert følgt opp av skuleleiinga v/ avdelingsleiar.

VO set i gang følgjande tiltak:

Felles årsplanar i alle fag, utarbeidd plan for heildagsprøvar i alle fag. «Klasselærarråd» der avdelingsleiar kallar inn og skriv referat, gruppelærer lagar sakliste. Vi klargjer faglæraren sitt ansvar ved fråvær. Det opprettast faggrupper i alle fag. Det vert arbeidd fram ny og oppdatert oppgavebeskriving for gruppelærarane. Med dette ynskjer vi òg å styrke samhandling mellom gruppelærar, faglærar og rådgivar. Vi vil vere tydelege på dei ansvarsområda den enkelte har, og leggje til rette med gode møtearenaar organisert av administrasjonen. Det vert regelmessige driftsmøter der IKT-leiar, merkantilt personale, rådgjevarar, inntaksleiar/fagleiar og avdelingsleiar er til stades. Ved behov er også driftsleiar og rektor med her. Samrådsmøte der rådgjevarar, inntaksleiar/fagleiar og avdelingsleiar møtes kvar veke, vert også del av den nye møtestrukturen. Det vert faste møter med tillitselevar i den einskilde klasse/gruppe. Vi har ein plan for oppfølgjingsmøte med faggruppene, ved avdelingsleiar.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Elevundersøkinga 2017 syner at, trass i høg gjennomsnittleg score innan motivasjon, meistring, trivsel, støtte frå lærarane og læringskultur, er det likevel til dels store skilnader internt på skulen - mellom dei ulike klassane. Dette seier oss at vi må fokusere på felles læringskultur og beste praksis - gjennom systematisk samarbeid og rettleiing. Ved å leggje til rette for eit breitt kollegasamarbeid, vil ein opne for deling av kunnskap og erfaringar på

eit vis som skapar målretta utviklingsarbeid. Slik kan skulen identifisere beste praksis, og kvalitetssikre at opplæringstilbodet i ulike fag og klassar blir likeverdig. For å få dette til, må organiseringa gje rom for tid til samarbeid. I det vidare planarbeidet vil difor skolen ha fokus på korleis tilrettelegging for dialog og samarbeid kan skje mellom dei tilsette.

Auka samhandling mellom arbeidstakarane i dei ulike avdelingane, vil på kort og lang sikt gje grunnlag for at elevane får eit undervisningstilbod som kan opplevast som oversiktleg, trygt og ivaretakande. Målet er å legge undervisninga til rette for den einskilde elev, slik at så mange som mogeleg – uavhengig av avdeling - på BKS, VO eller Kyrre, meistarar å gjennomføre skoleløpet.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Det er sett av tid i møtetida annankvar veke til å arbeide i Kløverteama. Elles står ein fritt til å arbeide i Kløverteamet dersom ein ikkje har andre forum ein skal delta i.

På avdeling VO har involveringa av personalet blitt organisert gjennom: Felles informasjonsmøte for heile personalet ved BKS, Avdelingsmøte på VO, Møte med faggruppene, Arbeid i faggrupper, Møte med enkeltlærarar og grupper av lærarar. Den einskilde lærar, i den grad tida og undervisningssituasjonen tilseier det, hjelper den einskilde deltagar - slik at ein kan nyttiggjere seg av PC og eventuell programvare ein treng der og då. Informasjon på avdelinga sine infoskjermar. Desse vert oppdaterte dagleg ved behov. Stadig arbeid med It's learning «for tilsette» og «deltagarar» ved VO, slik at det blir lett å finne viktig informasjon.

2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Dei fleste av dei tiltaka som er nemnde her, har vi ikkje fullt ut prøvd ut førre skuleår. Komande skuleår vil vi gå i gang med alle tiltak og følgje opp med tett samhandling slik:

- Avdelingsmøte der ein set av tid til klasselærarråd, faggruppesamarbeid og informasjon
- Driftsmøter og samrådsmøter kvar veke
- Kløverteam annankvar veke

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Vi vonar å sjå eit meir systematisk samarbeid.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Tiltaket blir evaluert ved slutten av skuleåret.

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Det har så langt vore ei vellukka organisering, ettersom teama har fått etablere seg sjølv, samt velje kva ein vil arbeide med.

2.2 Utviklingstiltak – Folkehelse og Livsmestring***Kva var målet med tiltaket?***

Eit av måla med tiltaket er at læringsmiljøet til skulen skal vere prega av høg trivsel og lite skulereelatert stress. Vi ønsker å auke kunnskapen elevane har om psykisk helse og rusmisbruk. Klasseleiing som skapar trivsel og fremjar læring i samarbeid: elev-elev, lærer-elev og lærer-lærer, er òg eit mål.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Vi vil neste skuleår gi informasjon om stressmestring på alle møte for føresette, og arrangere kurs om stressmestring for Vg-3 elevane. Kontaktlærarane på Vg1 får ved skulestart ei innføring i VIP-makkerskap. Helsesøster vil også besøke klassane for å informere om psykisk helse. På avdeling Kyrre vil ein auke kompetansen til læraren i emosjonsrettleiing, og halde gruppesamtalar med elevane.

På avdeling VO har ein:

- Kantinetilbod med ei opningstid som er tilpassa timeplanen til deltagarane. Kantina er også ein sosial arena som kan fungere som ein positiv møtestad, og gi høve for å kjøpe seg mat og drikke i ein hektisk kvardag.
- Orienteringar der ein fortel om kva oppfølging og hjelp den einskilde kan få som deltagarar ved VO. Her gir vi informasjon om gruppelæraren si rolle, faglærer si rolle, rådgjevarar si rolle og avdelingsleiar si rolle, samt informasjon om tilbodet dei merkantilt tilsette gir.

Avdeling Kyrre har våren 2017 fått rettleiing frå eksterne psykologar ved Institutt for psykologisk rådgjeving (IPR). Her var heile personalet involvert. Målet med rettleiinga var å styrke kvaliteten i dialogen mellom lærarar og elevar. Punkta under er sitert frå kontrakten. Det første punktet rettar seg direkte mot dei tilsette, medan punkt to er meir direkte retta mot elevane. I rettleiinga var det ikkje noe skapt skilje mellom desse to punkta.

1. « Veilederne skal sette i gang en gruppeprosess rundt det å snakke om ubehagelige og vonde følelser som kan dukke opp som en del av hverdagen når man jobber med ungdommer som har et stort indre emosjonelt trykk og psykiske vansker. Tanken er at Kyrre Skole skal kunne fortsette dette arbeidet på egenhånd, etter at denne veiledningsprosessen er avsluttet. Målet er at dette skal gjøre de ansatte ved Kyrre skole bedre rustet til å håndtere fremtidige kriser og belastninger på jobb.

2. Veilederne skal ved behov gi veiledning i forhold til håndtering av konkrete vanskelige elev-lærer situasjoner, eller relasjoner. Veilederne vil da bruke praktiske øvelser og psykoedukasjon.»

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Trass i at elevane ved Bergen Katedralskole presterer særleg gode læringsresultat, har ein del elevar psykiske utfordringar i samband med stort arbeidspress. Dette speglar ein generell trend blant unge i samfunnet, og det er viktig for skulen å ta i vare elevane som heile menneske. Det inneber til dømes at ein i vurderinga tonar ned prøvepresset og samstundes testar ut nye måtar å vurdere på.

På avdeling VO ønskjer ein at kantina er ein arena for samhandling der ein kan kjøpe mat og drikke. Kantina skal vere ein viktig sosial møteplass der ein kan møtast på tvers av klassar/grupper.

Vaksne er ofte i ein livssituasjon som byr på andre utfordringar enn det ein ordinær elev i vidaregåande skule har. Det blir viktig å leggje godt til rette for at deltagaren skal oppleve å bli teken på alvor. Då er det avgjerande at deltagaren veit kven ein skal kontakte, slik at ein raskt kan få den hjelpa ein ber om.

Kyrre skole har de to siste åra hatt fleire i elevflokket. Dette har vore tunge tap som har prega heila avdelinga - og dei tilsette - i større og mindre grad. Elevgruppa på Kyrre er generelt krevjande, og det kan vere utfordrande å skulle rettleie svært sårbare elevar i læringsprosessane. For å ivareta personalet og elevene på ein best mogeleg måte, innleia leiinga eit samarbeid med Institutt for psykologisk rådgjeving (IPR).

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

På BKS har leiinga og elevtenestene organisert møter, no ved skulestart. Kontaktlærarane på Vg1 har fått opplæring med tanke på makkerskap i klassene. Helsesøster vil også i samband med skulestart vitje Vg1-klassane for å snakke om psykisk helse.

På VO har ein:

- Kontinuerlig vurdering av og møte knytt opp mot kantinetilbodet
- Informasjon til deltagarane om kantinetilbod ved skulestart
- Eigne informasjonsmøte for alle nye og gamle deltagarar som omhandlar kantinetilbodet og kven som gjer kva på avdelinga
- Vidare informasjon ved gruppelærarar og faglærarar
- Besøk av rådgjevar i den enkelte klasse/gruppe
- Besøk av avdelingsleiar i den enkelte klasse/gruppe

Kyrre: Det vart gjennomført tre rettleingssituasjonar med IPR, den siste i slutten av april.

2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga på BKS har omorganisert avdelingsstrukturen til trinnorganisering med ein ansvarleg trinnkontakt/avdelingsleiar for kvart trinn. Det vert arrangert trinnmøte annankvar veke der mellom anna klasseleiing, klassemiljø, psykisk helse og andre tema frå utviklingsarbeidet vårt vil stå sentralt. Rektor prioriterer å delta i desse møte for å skape kort veg mellom klasserom og skoleleiing.

Kyrre: avdelingsleiar har deltatt i planlegging, gjennomføring og evaluering, og rektor har vore informert om prosessen undervegs. Tilbakemeldingane har vore gode, men dette er eit arbeid det er vanskeleg å måle.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Ved å etablere faste samarbeidsgrupper i kollegiet håpar vi å sjå eit meir systematisk samarbeid knytt opp mot fag og tema i Utviklingsplanen. Dette vert felles møtestader med fokus på elevane sitt arbeidsmiljø, læring og trivsel.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Det er for tidleg å konkludere.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Vi ser at mange er involverte i tiltaket og det tenkjer vi er viktig for gjennomføringa.

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Leiinga har gjennomført og evaluert resultatane frå Elevundersøkinga, medarbeidarundersøkinga og elev- og medarbeidersamtaler.

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Elevrådet har blitt informert om relevante resultat og fått oppgåver for arbeid i klassane. Tema frå satsingsområda har vore handsama i leiarmøte, tverrfaglege grupper med elevar til stades, fellesmøte med lærarane og i fagavdelingane. Dei tillitsvalde har uttalt seg i møte med rektor.

3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Elevrådet er blitt informert om relevante resultat og fått oppgåver for arbeid i klassane. Tema frå satsingsområda har vore handsama i leiarmøte, tverrfaglege grupper med elevar til stades, fellesmøte med lærarane og i fagavdelingane.

3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevane har vore representerte saman med lærarane i dei tverrfaglege gruppene, i tillegg til at det har vore arbeidd i Elevrådet. Rektor har også hatt lunsj ein gong i halvåret med dei tillitsvalde på alle trinn. Her har tema i Utviklingsplanen vore sakshandsama.

3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Fordi organisasjonen Bergen Katedralskole er samansett av tre ulike avdelingar, Kyrre, Senter for Voksenopplæring (VO) og Hovedskolen, vert det sett store krav til det å balansere skuledrifta mellom disse einingane. Den fysiske avstanden krev god organisering og tilrettelegging for gangtid. Her er undervisninga på kveldstid i VO også eit moment. Det må setjast av tid og merksemd til å arbeide med avdelingane sine særlege utfordringar. Samstundes må det vere arenaer for, og fokus på, fellesskapet - og det overordna oppdraget til skulen. Den positive opplevinga av å vere ein del av ein større heilskap er viktig. Det som i store trekk bind einingane saman, er overordna pedagogiske tema, som til dømes fagutvikling, elev- og klassemiljø og vurdering for læring.

3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

Skulen er godt i gang med å ansvarleggjere lærarar og elevaril å bidra til eit godt læringsmiljø kor det er nulltoleranse for mobbing. Gjennom eit sosiokulturelt læringsssyn oppmodast alle til å delta i trivselelen til elevane - faglig og sosialt. Alle tilsette er inviterte til å delta i dei såkalla «Kløverteama». Reinhold, drift og andre viktige funksjonar ved skulen har også eit ansvar for eit godt miljø ved skulen. Vurdering er også eit av våre utviklingstiltak. Gjennom samarbeidslæring ønsker leiinga å motivere lærarane til nye metodar for vurdering. Vurderingskulturen ved skulen er blitt diskutert i fleire tverrfaglege møte kor elevrepresentantar har delteke.

4 Ope felt – valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.